



Askøy VVS AS v/Jan Frode Hilleren
POSTBOOKS 117
5318 STRUSSHAMN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4542 - 14/26548

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Io
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
27.11.2014

Rørleggjarmelding - gbnr 123/159 Risa - Tomannsbustad.

Delegert sak.

Vi viser til rørleggjarmelding m/vedlagt planteikning, oppleggskjema, situasjonsplan og ferdigmelding, mottatt 25.11.2014

Adresse byggeplass : Risa, 5955 Lindås
Type bygg : Nybygg tomannsbustad i regulert bustadfelt.
Type arbeid : Tilkopling til off. vatn og avløp og utføring av sanitæranlegg.

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonntent sitt ansvar å sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompenserande tiltak.



